



Odd Steinar Arnesen var på Festidalenstanden

Fritidsmessa i Husneshallen teikna til å bli ein ny stor suksess. Det melde seg 50 som ville ha stands medan fjorårstalet var 38. Men så, tildels utan varsel, var det 20 som ikkje møtte fram og talet endte på 30 til stor frustrasjon hos arrangøren Aktiv Fritid. Ein som ikkje skulka men tvertimot kom inn i tolvte time var Festidalen. Men det var til gjengjeld den einaste deltakar frå Uskedalen. I fjor var 2000 innom messa og håpet er like mange i år.



[Atle Helland gjer klår for foto](#)

Men det var mange spennande fritidstilbod å velgja i blant dei 30.



Anne Kari Rørheim hadde ein viktig helsebodskap

Ein av dei vekte litt undring. Det var Senterpartiet og folk undra på om dei ikkje hadde registrert at valet er over. Men Senterungdoimmens betjening erklærte at valkampen er utan ende og minte om at det er nytt val om 2 år!

På ein skilde stands var Uskedalen representert og Anne Kari Rørheim hadde ein viktig bodskap om vår psykiske helse.. Ho og avisveteranen Sjur Tjelmeland streka under at svært få tek kontakt i tide når det røyner på- 'Se hverandre - gjør en forskjell' var oppmodinga på plakatane.

Kvinnherad Fotoklubb hadde ein aktiv stand med dei kjende parhestane Helland og Langeland sentralt i biletet. Dei dreiv instruksjon til å få forstand av men kunne ikkje svare oss på spørsmålet om kvifor det ikkje lenger er uskedelinger i medlemslista. Men medlemmene nyttar i alle fall vår vakre natur som motiv!

Kristian Olav Bringedal har fleire hattar til dagleg og det hadde han også på fritidsmesssa. Men også han beklaga sterkt både det store fråfallet på tampen og den svake deltakinga frå Uskedalen

Tekst og foto. Ola Matti Mathisen